




Nr 1

2018


69. årgang

God påske!

Sommarfuglen – teikn på oppstoda

I skrivande stund er vi midt i mars. Vinteren har ikkje heilt sluppe taket, og i år har det vore uvanleg mykje snø, ogso her langt ute ved kysten. Mange drøyer slike dagar om lysare tider, vårsol og teikn på nytt liv. Ja visst, krokusen er der, og kanskje påskeliljene snart og? I fleire år budde vi i prestegarden på Lunde i Balestrand, gløymmer ikkje dei hundrevis av påskeliljer som pryda området der; kjekt også når ein skulle feire gudstenester. Dette har vi og sett somme stader her i Hyllestad. Skaparverket er fantastisk med sine livsprossar som og alltid har ei gåte ved seg.

Påskeevangeliet ber med seg tonane som jublar over Jesu oppstode frå dei døde. Påskedagen var dagen då «døden døde», som ein treffande har sagt det. Han som var død og låg i grava, han har stått opp og har gått over i eit liv som døden ikkje har makt over. Difor har og *sommarfuglen* heilt frå oldkyrkja vore eit kjært teikn på oppstoda. Larva er då bilete på det jordiske livet. Kokongen (puppa) er eit bilete på grava. Sommarfuglen er ei påminning om at det evige livet fortset i ei anna form, på den andre sida av det stille mørkret. Alt dette minner oss om det som skjedde med Jesus i påskeveka, og difor skal all kristen forkynning vere med å peike på han som er grunnen for vårt håp. Paulus seier det slik: «men no er Kristus oppstaden frå dei døde. Han er førstegrøda av dei som har sovna inn. Fordi døden kom ved eitt menneske, så er og oppstoda av dei døde komen ved eit menneske» (1.Kor. 15,20-21).



Alle evangelia skildrar at Jesus stod levande opp frå grava. Detaljane kan variere, men det underbyggjer truverdet hos kjeldene.

Hos Johannes er der ein viktig detalj: ”Simon Peter følgde etter, og han gjekk inn. Han såg linkleda som låg der, og duken som Jesus hadde hatt over hovudet. Den låg ikkje saman med linkleda, men samanrulla på ein stad for seg” (Joh. 20, 6-7).

Me veit at puppa er den staden der ei larve kviler seg før den vert eit vakse insekt; ein sommarfugl. Når den nye, vakre skapningen kjem fram, ligg berre puppa, att.

Når linkleda låg att i grava, var det som ei sommarfuglpuppe. Slik vart sommarfuglen teiknet på det nye livet som braut fram påskedag!

Døden må vike for Gudsrikets krefter!

Du som var død, er vår Herre i dag!

Kristus, du lever og står ved vår side

Her hvor vi rammes av jordlivets slag.

Slik har me lært å synge med Svein Ellingsen i ein av dei nyare påskesalmane våre.

Den har ei fin skildring av det Jesu død og oppstode har å seie for oss. Den formidlar håp midt i alt det som rammar oss her i verda. Han vil møte oss med sitt håp, slik han møtte dei første vitna.

Livet og døden, ja alt er forvandlet!

Dåpsvannet gjenspegl regnbuens pakt.

Troen er gitt oss: Guds rike skal seire!

Mørket som binder oss, mister sin makt.

Læresveinen Johannes gjekk inn i grava, og det står: ”Han såg og trudde”. Ordet som er brukt der kan også bety: ”vite”. Skal me få tru at Gud i sin godleik, nett ordna eit slikt teikn, som kan vere godt både for vår tanke og vår tru?

Audun Systad

Påske – minikonfirmantleir 2017



Tårnagenthelg med liv og røre!



11 tårnagentar, 3 agentsjefar og ei mor var samla i Øn kyrkje(laurdag) og Hyllestad kyrkje(søndag) siste helga i januar.

Det mest spennande for mange, var å få gå opp i kyrkjetårnet. Der var det både flaggermus og edderkoppar, og agentane sine hemmelege passord fekk boksen med flaggermussnop til å opne seg. I tårnet fekk dei og høyre om Martin Luther si tårnoppleving.

Men først måtte agentane bli skikkeleg tårnagentar. Dei fekk hemmeleg passord, passerte hinderløypa, leita med lukka auge i ein plastboks med ris, fekk utdelt tårnagent-buff, tårnagentnummer m/halsband og øvde på tårnagentsongen

«Ein himmel over livet». Nyttig var det også å lære nokre agent-tips før oppdraga skulle løysast. Eit viktig tips ga også Jesus: «Leit, så skal de finna.».

Med gode agent-tips gjekk stjernejakta greitt. Det var ikkje problem for agentane å løyse små rebusar som førte dei til ulike stader i kyrkja.

Klarer du ein av rebusane?

*Ein første stopp,
før vi går inn i samla tropp.
Her kan vi legge att det som
tynger,
våpen(i gamle dagar), ord og...*

Under stjernejakta fann dei lappar med bokstaver som dei skulle sette saman til ord.

Min salme:

Påskemorgen slukker sorgen

Det er mange med høg alder her i Hyllestad no. Ei av dei som er fylt 100 år er Solveig Giil. Det var i mai ifjor. Biletet av henne vart teke i september, medan ho enno budde i heimen sin på Sørbo saman med son sin, Magnar. Seinhaustes flytte ho litt lengre ned, til ein av omsorgsbustadane på Eiklund.

Solveig har laga mange bunader i sitt liv, og har vore aktiv på mange vis.

Ho er frå Solund og vaks opp i Olden. Ho fortel om ein fin oppvekst, men og der sorga nådde familien, då ho berre var ei ung jente. Faren hennar, som ho sette høgt og var glad i, døydde då Solveig, som var eldst, berre var 9-år. Ho har

mange minne om han, m.a. at ho gjekk saman med han til kyrkja på Hardbakke.

Solveig er svært glad i denne kjende påskesalmen, den har gjeve ho trøyst når ho tenkjer på sin kjære far som døydde så ung:

*Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen er
oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg
gleder,
himlen seg gleder med lousang
ny.*



*Redningsmannen er
oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i Paradis.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris*



Eit av orda vart nattverd. Her fortel Audun-prest agentane om nattverden.

Siste oppdraget på laurdag, var oppdrag gudsteneste. Vi øvde på songar, og ikkje minst tårnagentsongen og lesing. Søndag var bibeldagen, difor fekk alle tårnagentane velje seg ein «bibelsk person».

Utan mat og drikke duger tårnagentane ikkje. Oppdrag mat: flaggermussuppe og agentknask.

På tårnagentgudstenesta fekk vi sjå resultatet. Gudstenesta starta med inngangsprosesjon med tårnagentar og dåpsbarnet Kabel med familie/fadrar.

På gudstenesta møtte vi mange «bibelske» personar. Her ser vi



m.a. David, Rut, Moses, Peter, Marta, Sara og Samuel.

Agentane var forsongarar, dei laga rytme til ein av songane og når tårnagentsongen lydde, ja då vart heile kyrkjelyden med.

På gudstenesta fekk også dei som går i 5. klasse bibel.

Takk til tårnagentane som laga ei flott og spennande gudsteneste.

T.L.



Agenttips: føle



Skifjord bedehus 18. febr. – 18. Mamma – 100 år.

Søndag 18. februar på ettermiddagen, var det basar i Skifjord bedehus. Denne gongen var det ei ekstra bending, ettersom det denne våren er 100 år sidan forfattaren Anna Sørbø, seinare gift Åsmul, var fødd. Ho hadde sin faste plass her på bedehuset, og fleire av bøkene hennar var lagt fram der.

Det var fullsett bedehus, då primus motor for arrangementet, Astrid Waage, ynskte velkomen. Ho hadde og fått ein fin flokk frå bygda med og det vart, ut i samværet, mykje godt å ete. Fine gevinstar ved årsalet var det og.

Audun Systad heldt andakt og la teksten for dagen frå Matt.16,21-23, om at Jesus skulle dra opp til Jerusalem, for å lide og døy, men og stå opp tredje dagen. Etter andakten song vi. «Han tek ikkje glansen av livet»; ein song Anna og vart svært glad i.

Audun trekte også fram at han hugsa Anna frå møte og samkome, og den iveren ho hadde når ho forkyste Guds ord.

Dottera til Anna, Margunn Åsmul Sæther, var komen frå Eikelandssosen denne helga, og gav oss ein fin presentasjon av forfattaren; mor si og bøkene hennar,

Kyrkjebladet er takksam for å fått manuset hennar, og lov til å trykke det her. Det gjer vi med glede, sik at fleire skal få del i det Margunn så fint tok fram for oss.

Mamma blei fødd 2. april 1918 i Sørbøvåg i Hyllestad. Ho voks opp som den eldste av 6 sysken på ein liten gard, der faren hadde fiske som attåt næring.

Ho var ikkje helsesterk i barne – og ungdomsåra, og foreldra – Marie og Sigfred Sørbø – var

nok ei tid uroa for at ho ikkje skulle vekse opp. Mamma har fortalt at dei hadde stor omsorg for at ho skulle få i seg den næringa ho trengde – t.d. melk og egg. Ho var tynn og lita – og streva med å få i seg mat.

Frå tidlege barneår dikta ho munnlege historier for sysken og venner. Den gode fantasien og forteljargleda kom tidleg til syne – og som barn syns ho det var ekstra kjekt å få andre til å le.

Lærer og søndagsskulelærer Magnus Rye var eit viktig menneske for mamma i barne – og ungdomsåra. I følgje storebror Steinar, var Rye ein sjølvlerd teolog. I han fann mamma eit menneske med innsikt som ho kunne samtale med om livets store spørsmål. Mamma var glad i å lese og etter kvart i å skrive. Ho las det meste av det ho kom over av bøker – og undra seg tidleg over dette livet. Det vart

mange kva og kvifor, 13 år gammal kom ho inn i det ein nok kan kalle ei åndeleg krise. Fanst det ein Gud? Kva med Jesus? Ho kjempa med mange tankar og ba om ei overtyding i vanskelege spørsmål. Og det fekk ho. Mamma skildra det som om lyset blei skrudd på. Ho fekk sjå Jesus som sin Frelsar. For henne skapte det ei meining, som gav retning og i stor grad prega resten av livet hennar

I 1938 - 20 år gammal gav ho ut første boka si: «Solfrid og sølvkorset.» Den kom ut mens ho gjekk på bibelskule i Bergen. I løpet av krigsåra gav ho ut tre bøker til – og i denne perioden rakk ho også å gifte seg med pappa, Georg Åsmul – og å bli mamma. Foreldra våre sto konfirmant same dag og kjende kvarandre såleis frå barneåra. Mamma valde, naturleg nok å behalde jentenamnet sitt som forfattarnamn – men brukte Åsmul el Sørbø Åsmul i andre samanhengar. Etter kvart vart me 4 sysken; fødd i 1945 – 47 – 56- og - 60. Åra med småbarn vart mange, men skrivinga vart ikkje lagt på hylla. Me har nok alle fire, i periodar sovna inn til lyden av skrivemaskina. Mamma ville gjerne underhalde, og ho ynskte at underhaldinga skulle vere positiv og byggjande. Ho skildrar ofte menneske frå enkle kår som har ei tru som ber gjennom storm og stille. Eller menneske som har ein kamp mellom ulike val. Oftast er slutten av bøkene god og positiv. Konflikhtar blir løyst og det gode og positive vinn fram. Hovudpersonen i bøkene er gjerne ei kvinne.

Eg minnest imidlertid godt då eg som tenåring las boka «Kjærlighetens seier.» Her sluttar boka med at den på alle måtar nydelege hovudpersonen

døydde. Eg gret mine modige tårer og gjekk rett til mamma.: Kvifor måtte Frihild døy? Kvifor kunne ho ikkje få leve? «Eg kjempa mykje med det,» var svaret. «Men det kunne ikkje bli annleis.»

Mamma kombinerte forfattar- og husmor-rolla med det å vere mor og kone. Ho var kunstnar. Ein gong sa ho fylgjande til meg: «Du likar å skrive, men eg MÅ skrive.» Ho hadde nok ein sterk trong til å sette ord på både ytre hendingar og tankar frå eit sterkt indre liv. Ho kunne i periodar verke fråverande under arbeidet med bøkene – særleg mot slutten av ei bok og ho kunne innimellom vere skiftande i humør. Som barn var ikkje dette alltid like enkelt å leve med. Truleg var det ikkje så lett å kombinere dei ulike rollene. Ho var etterspurd som talar/forkynnar til ulike møte både lokalt og fleire stader på vestlandet. Ho tok del på leirar for born og på mange kvinnestemne. Kanskje kan ein også kalle mamma for ein sjølvlerd teolog. Eg veit at ho blei henta til fleire dødsleie for samtale og bøn. Den stille stunda var regelmessig etter frukost kvar morgon. Stabelen med Bibel og andaktsbøker låg alltid framme. Søndagsskule var eit av hjartebarna hennar. I nærare 40 år samla ho barn heime i stova dei søndagane



det ikkje var gudsteneste. Ho hadde det tungt den dagen ho innsåg at no måtte ho legge ned dette viktige arbeidet. Ho var aktiv i misjons- og foreiningsarbeid heile sitt vaksne liv. Foreldra våre gjekk alltid saman i både kyrkje og bedehus. I daglege gjeremål kunne me iblant høyre at ho ba: kjære Jesus hjelp meg. Ho kjende nok på lite krefter store deler av livet.

Kor henta ho impulsar og inspirasjon til å skrive? Det er nok berre mamma som kunne ha svart skikkeleg på det, men eg prøver likevel. Eg trur nok at gudstrua og ynskje om å nå ut er sentral her og. Ho tileigna seg kunnskap gjennom å lese andre bøker. Og ho henta informasjon bl.a. frå leksikon - når det var ting ho var usikker på. Ho var glad i å reise, og dei få gongene ho fekk høve til det, blomstra ho. Mamma la merke til detaljar me andre ikkje tenkte på – og som me seinare kunne finne att i bøkene

hennar. Som godt voksen kvinne, ser eg nok at mamma kunne hatt god bruk for, i langt større grad, å få slå ut vengjene – reise og oppleve. Og likevel; kvardagslivet som mor og kone ser eg att i bøkene. Husmora som steller til mat for sine, som tek vare på dyr og menneske – og steller hus og hage. Det siste var nok ein av mamma sine kjæraste hobbyar. Ho sådde frø i pottar og kar lenge før vinteren sleppte taket. Stelte dei med omhug og hadde stor glede av å sette ut spirene når våren kom. Våren var på mange måtar mamma si årstid. Lyset kom tilbake – det spirer og gror. Heile sommarhalvåret var ho mykje i hagen og ho delte villig planter og avleggjarar med andre. Ein gong kjøpte svigersonen eit japansk kirsebærtre til henne. I begeistring utbraut ho: «Det var den beste gåva eg kunne få!» I periodar var hagen hennar eit eventyr.

Ho likte også godt å hauste frukt og særleg bær. Frå barneåra hugsar nok både Geir Arne og eg med glede turane i skog og mark for å plukke blåbær og tytebær. Pappa spanderte melkesjokolade frå butikken og mamma smurde matpakke og hadde med drikke. På desse turane kan eg også minnst at andre born i nabolaget var med. Frå hagen var det rips, solbær og stikkelsbær. Alt vart sylta og safta og rakk ofte like til neste haustesesong.

På kjøkkenet kunne ho trylle fram god og enkel kvardagsmat – og til fest brukte ho meir krefter enn ho hadde på gode kaker og andre rettar. Spurde eg etter oppskrift – det var ikkje alltid så lett å få. Ho brukte kreativiteten sin her og – og då var det ikkje så lett å gjenskape kor mykje det var av dei ulike ingrediensane.



Under krigen laga ho sine egne - og iblant andre sine strikkeoppskrifter.

Kven var mamma sine lesarar og kor kom dei frå? Etter at eg blei mor sjølv, ville Harald Geir og eg gjerne at alle mamma sine barneborn skulle arve eitt sett av mamma sine bøker. Me hadde eitt komplett sett i familien og ein del bøker i tillegg. Me averterte i nokre blad og fekk uventa god respons. Frå heile landet – til mi store overrasking. Eg trudde at lesarkretsen i all hovudsak var frå vestlandet. Menneske som sende oss bøker – og la ved brev om kva bøkene hadde betydd for dei. Det gjorde meg glad, stolt og takksam. Menneske som sende oss fleire brev - som gjekk på Fretex og leita el søkte i dødsbu. Menneske som sende oss lister og spurde kva me ikkje hadde frå før. Me har no rikeleg av alle bøkene til mamma – unntatt den første, som me har 3 eks. av i familien. Skulle nokon av dåke ha den – så er me veldig interesserte. Fleire av bøkene kom ut i meir enn eitt opplag og i alle fall to er omsette til svensk. Det er bøkene Elin (Britt) og Fra en annen sti. (Margot finner sin väg.)

Hvis du leitar på nett kan du finne litt informasjon om mamma på wikipedia. Dei fleste av bøkene kan også lesast på nett på nasjonalbiblioteket.no

Mamma blei knapt 73 år og rakk å gje ut 24 bøker som faktisk er fordelt på sju tiår. Den første, som sagt i 1938, – og den siste «Veien til Kildesletten» kom ut i 1990 – året før ho døydde. Eg spurde kvifor ho ikkje skreiv på nynorsk – for det meinte eg at ho burde gjere... «Det var bokmål eg lærde på skulen,» var svaret. Forutan bøker, skreiv ho stykke til ulike blad og julehefte, som regel på spørsmål utanfrå.

Mamma døydde 3. mars 1991. Ho hadde bedt om å få døy med skoa på – og det fekk ho. Fredag kalla ho saman til «Kvinnernes verdensbønne» i eigen heim. Laurdag fekk ho sitt andre hjarteinfarkt. Og søndag fekk ho heimlov. Bror Gunnar sat ved sida hennar då ho døydde.

Gudstrua til mamma var ein berebjelke heile livet.

Margunn Åsmul Sæther

Kyrkjene i Øn

Den 10. juni skal kyrkjelyden feire at Øna-kyrkja no er 60 år. Denne kyrkja er den fyrste på Sørbøvågen. Ho vart innvigd 15. juni 1958, ein stor dag, men og ein sår dag for dei mange som heller hadde ynskt henne bygd på Øn, den gamle kyrkjestaden. Den nye kyrkja er den fjerde i soknet/kyrkjekrinsen. Fyrste kyrkja i Øn er nemnd i 1340, og då som ei lita stavkyrkje.

Den andre kyrkja ser ut til å ha vorte oppført kring 1640 og hadde ei stor og ei mindre klokke. I 1686 heiter det at kyrkja er ein godt vedlikehalden tømmerbygning. Det var strid om stadvalet. Det er opplyst at nokre ville byggje henne på Sellevoll, andre på Åsmul, der det kan sjå ut som den fyrste presten har budd. Men ho vart likevel bygd på Øn. Ei stoldør frå denne gamle kyrkja er framleis i Salbuåsen. Det gamle kyrkjeskipet, ei gåve frå Søren Hatlemsbotnen, kom bort under rivinga. Det siste vi veit er at skipet vart brukt som leikebåt ute i Ulvik-fjøra. Den største klokka hadde fått ei sprekke etter kiming ei nyttårsnatt, og begge klokkene vart omsmelta. Skapet i koret vart i 1885 gjeve til Bergen Museum og står framleis der.

Då kyrkje nummer tre skulle reisast, var det sterkt på tale å byggje den nye på Salbuøyra, heradstyret gjorde også fyrst vedtak om det. Men omsynet til Dalen, Skor og Stranda førte



til at saka vart teken opp att, og så enda ein likevel opp med den gamle kyrkjestaden. Det er opplyst at kyrkja var påbegynt om våren og innvigd den 30. oktober 1870. Kyrkja var bygd etter teikningar av arkitekt Nordan. Byggmeisteren var Elias A. Tonning frå Nordfjord, og målinga vart utført av A. Olsen frå Lærdal. I 1914 blei det oppført eit 7-stemmers orgel, kosta av frivillige gåver frå soknet og støtte frå Amerika. Orgelet vart bygd av Br. Torkildsen frå Åsen i Trøndelag, det same firmaet som bygde orgelet i Bø-kyrkja i 1927.

Sundag 24. november 1940 brann kyrkja, og det skulle av ulike årsaker gå 18 år før ei ny kyrkje vart oppført. Omstenda kring dette vil eg ikkje gå inn på her, men vise til artikkelen min i sogeskriftet for Hyllestad

2008. Men 15. juni 1958 var alt klart for ei storstila innviing av den nye kyrkja. Biskop Ragnvald Indrebø stod føre den høgtidelege handlinga. Tilstades var også prost Ragnvald Ree og samtlege prestar i prostiet. Tidlegare sokneprest Peter Furberg, som hadde tenestegjort under den langvarige kyrkjestriden, var særskilt invitert, og den nye soknepresten, Olav Bruknaap, uttrykte si store glede over den nye kyrkja som endeleg skulle avløyse det mellombelse kyrkjebygget – Sørbøvågen bedehus.

Kyrkja er ei langkyrkje i mur oppført etter teikningar av arkitekt Ole Halvorsen, og har ei total lengde på 20 m og breidde på 11 m. Ho har ca. 300

sitjeplassar, 18 benkerader med 16 sitjeplassar i kvar rad. Kyrkja bryt med nedervd sedvane med di tårnet vender mot aust. Dette særdraget medførte ein ekstrarunde i departementet og ekstra grunngjeving frå arkitekten før teikningane vart endeleg godkjende. Hovudansvarleg byggmeister var Ivar Fleten med byggmeister Tundal som ansvarleg for trearbeidet og murmeister Lien som ansvarleg for murarbeidet. Målarmeister Ivar Atterås stod for målararbeidet. Treinnreiinga, glas og dører var laga på Skifjord trevarefabrikk som då var eigd av Olav Myklebust, Nikolai Teige og Bernhard Vassenden. Sistnemnde var og leiar av verksemda. Dette var eit stort arbeid for ei lita bedrift og vart utført i samsvar med dei beste handverktradisjonar.

Same bedrifta utførte elles det tilsvarande arbeidet då Øn kapell vart bygd 7 år seinare.

På altaret står eit enkelt krusifiks med ukjent opphav og kvalitet. Det store vindaug i koret har farga glas i eit vakkert mønster med ulike stjerneformer. Dei to altarlysestakane og den sjuarma lysestaken, nattverdutstyret med kalk, disk, vinkanne, beger og oblatøskje vart alle innkjøpte før innviinga. Lysekrunene vart laga av kunstsmed Berg, som hadde tilknytning til Åsmul. Kyrkjeklokka, dåpsfatet og dåpsmuggen vart likeins innkjøpte før innviinga, men døypefonten i tre er venteleg laga og måla etter at kyrkja var ferdig. Dei to brurestolane i utskoren bjørk vart, etter det ein kan minnst, innkjøpte i 1960-åra. Det er berre ein messehakel i kyrkja, han er i raudt og er venteleg frå etter 1940, sidan alt av innbu i gamle-kyrkja gjekk med i brannen.

Orgelet er ei lita soge for seg sjølv. Etter opplysningar frå Br. Torkildsen Orgelbyggeri A/S, innhenta av organist Erling Akse, er orgelet bygd av Olsen & Jørgensen, Oslo 1911, det same orgelbyggjarmået som bygde orgelet i Hyllestadkyrkja i 1914. Det har eitt manual med pedal og 8 stemmer. Dei andre orgela i Hyllestad har pneumatisk traktur, men dette har mekanisk traktur og kjeglelade. Innkjøpet av eit brukt orgel vart gjort grunna trong økonomi. Det var organist Aamodt ved Johanneskirken i Bergen, som og var konsulent for kyrkjeorgel, som kom med eit rettidig innspel om at kyrkja i Indre Arna hadde erstatta det gamle orgelet sitt med eit nytt. Dette gamle orgelet vart



vurdert som for lite der. Men etter hans vurdering kunne dette med litt overhaling og modernisering tene Øn kyrkjelyd i generasjonar framover. Organist Aamodt sine vurderingar har i ettertid vist seg å vere rette. Kjøpet av eit eldre, brukt kvalitetsorgel var eit lukkeleg grep.

Av innbu frå seinare tid kan nemnst lesepulten frå 1986, ein lysestake i stein, gjeven som gåve år 2000 og lysglobe år 2006. I samband med at kyrkja fekk status som soknet si konsertkyrkje, vart det, med støtte frå Hyllestad musikkråd, kjøpt inn eit godt konsertpiano av merket Petrof. Kyrkja fekk elles flomlys kring 1970 og vart utvendig restaurert og måla i 2006. I samband med 50-årsjubileet vart det utført eit fint dugnadsarbeid med grusing, måling av gjerdet og oljing av inngangsdøra til våpenhuset. Etter det er kyrkja måla, og for to år sidan vart dreneringa kring sakristia vølt, og det var ein ny dugnadsinnsats på uteområdet. Sidan 1870 har det ikkje vore kyrkjeskip i kyrkjene i Øn. Men i 2017 fekk kyrkja eit kyrkjeskip som gåve frå komponist og professor i

klassisk komposisjon ved Universitetet i Agder, Konrad M. Øhrn. Han er etterkomar av Anders Gjertson og Trine Monsdotter Øn som ei tid åtte og dreiv bruk 2. Konrad M. Øhrn har framleis ei stor slekt i bygda. Skipet er planlagt montert i april månad.

Den nye kyrkja var eit stort, økonomisk lyft for eit lite sokn på ca. 600 innbyggjarar. Innsamlinga til bygget, til orgelet, lysekrunene, sylvet og tekstilane vart ei samfunnsoppgåve der mange var med og gjorde sin innsats. I ettertid er det også imponerende å sjå korleis dei makta å gjere 15. juni 1958 til ein festdag med stor deltaking frå også andre delar av heradet.

Håkon S. Giil

Kjelder:

Kyrkjerne i Hyllestad i gammal og ny tid, v. sokneprest Th. Aaberg. 1923.

På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane v. Aaraas, Djupedal, Vengen og Førund. Selja Forlag 2000.

Diverse artiklar/reportasjar i Firda.

Frå Hyllestad Sokn sin Årsrapport

LIVSRITER

	2014	2015	2016	2017
Dåp - totalt	11	14	9	12
Dåp - busette i Hyllestad	10	8	7	7
Konfirmant	20	18	18	17
Vigsel	1	3	3	1
Gravferd	19	16	10	17

Tala syner ei stor grad av stabilitet. Etter at det i 2016 var svært få gravferder, er ein tilbake på snittet dei siste åra.



Det er no slutt på at kyrka får melding om fødsjar slik at vi kan sende ut orientering om dåp. Dei fleste vel likevel enno å ta kontakt med kyrkja og ønskjer å døype borna sine.

Ved dåpssamtalen får foreldra eit innramma dåpsbilde (med eit bilde og eit vers) og ein CD med kristne songar. Ved dåpen i kyrkja får dei i tillegg eit dåpslys.



BARNE – OG UNGDOMSARBEID – HYLLESTAD SOKN 2017

Det er mykje spennande som skjer i det viktige arbeidet med å legge til rette for at born og unge skal få leva og veksa i den kristne trua. Borna vert invitert til ulike trus-opplæringstiltak som for ungdomane er konfirmantopplegg og Ungdomsklubben «Solution.»



Mange av tiltaka er no godt kjent og det er ikkje uvanleg at alle inviterte kjem. Likevel saknar ein å kunne gje borna eit meir fast tilbod slik ungdomen har det i «Solution».

Soknet har godkjent trus-opplæringsplan frå 16.01. 2013, som ein delvis gjennomfører. Etter at ein har gjort ein del erfaringar, barnetalet er minkande og andre føresetnader er endra, ser soknerådet sitt trus-opplæringsutval (TRU-utval) trong for å justere ev revidere planen. Målet er å ha den klar til bispevisitasen i nov/des 2018.

Dei fleste av trus-opplæringstiltaka som er gjennomført er knytt opp mot gudsteneste.

Følgjande trus-opplæringstiltak frå planen er gjennomført i 2017

Myldresamling er eit av tiltaka i planen som først vart gjennomført i 2017. TRU-utvalet valde å slå saman myldresamling 2 og myldresamling 3, følgeleg fekk 20 2- og 3-åringar invitasjon. 9 kom og med søsken og foreldre var det ca. 30. Med eit rom som var «rydda» etter basar og til Basecamp, vart det god plass til springing og leiking. Det vart verkeleg ei myldresamling. Eit av måla for samlinga er å lære bordbøn. Difor fekk alle 2-og 3-åringane kvar si «etebrikke» med «Å, du som mettar liten fugl» og som dei brukte då ein avslutta samlinga med å ete graut. Ansvarleg for Myldresamlinga var TRU-utvalet.

4 årssamling og hausttakkefest med utdeling av «Mi kyrkjebok 4». Alle var med på hausttakkefesten, 6 av 7 deltok på 4-årssamlinga.

5-årssamling. Hausten 2017 var det berre 2 i aktuell målgruppe. Difor vart dei invitert til 6-årssamling/førsteklasses og til familiegudstenesta der dei skulle få «Kyrkerottefilmen.» Det var 100 % frammøte på første samling. Av ulike grunnar kom ingen på gudstenesta.

«Førsteklasses» - er samling ein ettermiddag og familiegudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok 6». «Førsteklasses» deltok på gudstenesta med drama, song og var med på samlingsbøna. Det er også ein tradisjon at det er bønnevandring på denne gudstenesta. 6 born møtte, og det var 100% frammøte på begge samlingane.

Barnegudsteneste er ei kvardagsgudsteneste i januar spesielt tilpassa dei yngste borna. Alle som var inviterte til 4- og 5-årssamling eller «Førsteklasses» hausten 2016, fekk invitasjon i posten til gudsteneste denne onsdagsettermiddagen. Gudstenesta varte omlag 30 min. Songar og tekstar var henta frå Mi kyrkjebok 4 og 6. Vi avslutta slik vi brukar; å ete kvelds i lag. Berre 2 av 15 inviterte kom, i tillegg var det søsken og nokre foreldre, besteforeldre. Det er eit tiltak som ein ikkje kjem til å gjennomføre i 2018.

Tårnagenthelg med samling i Øn kyrkje på laurdag og tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag. Dette var andre gong ein hadde tårnagenthelg for 2 årskull, 3. og 4. klasse, og dette fungerer veldig bra. Dei eldste kan dette og er gode «oppdragarar». I 2017 var det 10 tårnagentar, 50 % av dei inviterte.

Besøk i kyrkjetårnet er ein viktig del av tårnagenthelga. Difor var samlinga laurdagen i Øn kyrkje. Tårnagentgudstenesta søndag var i Hyllestad kyrkja sidan det der er enklare med kyrkjekaffi og det tekniske. Mange foreldre bidrog på ulike måtar og var med å gjere helga til ei god oppleving. Takk.

Bibelutdeling var på gudsteneste såmannsøndagen.

8 biblar var delt ut. Dette markerte også starten på minikonfirmantopplegget.

Minikonfirmantopplegget for 10/11-åringar (5. klasse) er 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter skuletid onsdagar, weekend og gudsteneste med diplomutdeling i slutten av april. På weekenden i mars var ein saman med minikonfirmantar frå Høyanger, og Solund. 8 av 8 var med minikonfirmantopplegget. Det var ein flott minikonfirmantgjeng.

LysVaken vert no gjennomført annakvart år. Sist var i 2016. Neste gong vert i november 2018.

Tilbodet er til 6.- og 7.- klassingar.

På nesten alle samlingar et vi i lag. På samlingane midt i veka et vi knekkebrød, ost og syltetøy og drikk juice. Etter gudstenestene er det kyrkjekaffi. Bordfellesskap er med å skape kontakt, tilhøyrrighet og auke trivselsfaktoren både for born, foreldre og leiarar.

Vegen vidare:

For at ein skal lukkast vidare med det viktige og spennande arbeidet, så er fleire medarbeidarar som tar ansvar ein føresetnad.

Konfirmasjonsundervisning

Det er god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad, og det var konfirmasjons-gudstenester i alle dei tre kyrkjene i soknet.

Kullet 2016/2017 hadde mange evne knytt til både lesing og drama. På temagudstenesta 2.april i Hyllestad kyrkje, kom dette tydeleg fram.



Temaet om «Skatten», og dramaet om «den bortkomne sonen», var veldig sterkt.

I januar var det igjen ein vellukka leir på Alværa, saman med Balestrand, Lavik og Bjordal. I mars var konfirmantane på ein kjekk tur til Rossvikheia der vi gjorde opp bål og spidda pølser.



I januar var , tradisjonen tru, konfirmantane på besøk på Eiklund. Det var Linda Ølmheim og Kirsten Gravdal Ryland som hadde ansvar for det som vart ein fin ettermiddag, med god kontakt med bebuarane.

Hausten 2017 starta i alt 20 konfirmantar undervisning, av dei 18 frå Hyllestad. I september var det ein fin konfirmantdag i Prestefjora i Hyllestad, der konfirmantane laga fine kristne symbol av det som finst i naturen. Å reise til nattcupen i Førde i oktober, er òg blitt ein god tradisjon

Konfirmantane er med som kyrkejevntar på gudstenester, noko som vert sett pris på av kyrkjelyden.

I tillegg til soknepresten i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten



Gravdal Ryland og Linda Ølmheim, med. Trusopplærar Toril Lange er med av og til. Det at ein kan spele på dei ulike gåvene den einskilde leiar har, er viktig.

Skule- og barnehagegudstenesta til jul er godt innarbeidd , og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Elles er det vanleg fritaksrett, men mest alle er med.

I 2017 var det og einskilddklassar på besøk i kyrkja.

Nytt i 2017, var ei fin påskevandring som 1.-4. klasse på Hyllestad skule deltok på saman med lærarane der.

No vert det truleg påskevandring eit år, og så neste år julevandring. Julevandring har det vore nokre gonger før .



Ungdomsklubben i Hyllestad

Ungdomsklubben i Hyllestad er no inne i 4-året (2018) med normal samling annakvar fredag i Hyllestad kyrkje. Gjennom 2017 har ein hatt samlingar med varierende oppmøte, frå i overkant av 20 stk. til i underkant av 10 stk. Uansett kven og kor mange som kjem er det alltid like kjekt.

Ein normal kveld startar gjerne med nokre aktivitetar, leikar som ungdommen set i gang, og så har vi ei samling med lovsong, andakt mv. Før vi kosar oss med litt mat, «snacks» og har nokre aktivitetar, leikar til slutt.

Inn i mellom aktivitetar / program er det alltid rom for ein prat, anten fleire i lag rundt bordet om eit tema, eller 1-1 samtalar, gjerne mellom ein vaksen og ungdom. Vi er i dag heldige og har ofte fleira vaksne som er med på samlingane, og kan slik vere ressurspersonar i samtalar om trusspørsmål, daglege problemstillingar m.m.

Vi har i dag fleire ungdommar som er på vidaregåande aldersnivå som søker til klubben, og ein del av desse skal i februar på leiarkurs for å bli betre rusta til å ta eit større ansvar for klubb og anna aktivitet, gjerne opp mot yngre aldersklassar.

For vinter/vår 2018 har vi eit sterkt ynskje om å få til ei auka rekruttering til klubben, og vi vonar særskilt på at vi kan få inn fleire



frå ungdomsskuletrinnet. For å få det til er vi ofte avhengig av at dei vaksne (foreldre) stiller opp og køyrer til og frå klubb, noko som kanskje ikkje alltid er like lett å prioritere på ein fredag kveld etter ei lang arbeidsveke. Men om noko strevar med å få til skyss så ta gjerne kontakt med oss, så kan det nok hende at vi finn løysingar... tlf. 99281401 (Jostein) / 91644829 (Kirsten)



Ynskjer å minne om kva som er målsetjinga med ungdomsklubben, og arbeidet ein driv her:

1. Gjere evangeliet og trua på Kristus betre kjend, og forankra, i livet til den enkelte i målgruppa. – Målgruppa er 13-18++....
2. Utvikle og utdanne ungdomsleiarar for å legge til rette for eigen rekruttering på leiarnivå.
3. Gje ungdom høve til å uttrykke si tru og tvil gjennom song, musikk, bilete, drama og ord.
4. Ei breiare ungdomssatsing vil gje rom for ei positiv utvikling av Hyllestad kyrkjelyd.

Base Camp i Hyllestad

Base Camp i Hyllestad er no etablert som eit «begrep» og eit årleg arrangement, eit arr. som når både ungdomar i Hyllestad og ungdomar langt utover våre kommunegrenser, frå Sunnfjord til sør om Bergen. I oktober (6-8.10.) 2017 var det ca. 60 ungdommar samla i Hyllestad, der 45 av desse var påmelde som deltakarar

og der ca. 15 var deltakarar med arrangør og gjennomføringsansvar.

Arrangementet sitt program var i 2017:

- Samling i Hyllestad kyrkje fredag kveld m. ulike aktivitetar, lovsong og andakt (ope for alle)
- Overnatting og frukost på skulen laurdag morgon
- Føremiddagsmøte i kyrkja
- Samtalegrupper i kyrkja og på skulen
- Aktivitetsdag i kvensteinsparken laurdag middag/ettermiddag
- Kveldssamling i Hyllestad kyrkje m. lovsong, vitnemål og underhaldning
- Overnatting og frukost i Hyllestad kyrkje sundag morgon
- Gudsteneste i Hyllestad kyrkja (ope for alle)
- Avsluttande samling for deltakarar m. fl.

Base Camp i Hyllestad vonar og trur vi er kome for å bli, kor lenge veit vi ikkje, men slik det i dag ser ut er der energi, støttepartnarar og frivillige, til å stå på vidare i lang tid.

Ynskjer her å rette ei spesiell takk til skulen v. rektor, og til Kvernsteinsenteret i Hyllestad, for at vi får låne, og bruke, lokalar og område, til gjennomføring av ulike aktivitetar og til overnatting og servering av mat m.m.

Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, og stiller opp som nattevakter og med tilrigging og nedrigging av utstyr, utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere.....

Så kvifor har vi Base Camp, og kvifor har vi det her i Hyllestad ?

Svaret på det er samansett, mykje av årsaka ligg i den kontakten våre lokale ungdomar har fått med det kristne ungdomsmiljøet på Askøy. Dette gjennom deltaking på ulike leirar, påskeleirar, og seinare ungdomsstemne mm. Så er det miljøet eit lite lokalsamfunn som Hyllestad kan bidra med, her er Kvernsteinsparken noko heilt annleis enn det mange ungdommar i dag til vanleg får oppleve, og så har vi samlingspunktet i den ombygde Hyllestad kyrkja, som gjer det mogleg å skape ei heilt særeigen ramme rundt ei slik helg.

Vi opplever at Base Camp for mange ungdomar er blitt ei særdeles viktig hending i deira liv og at mange alt gler seg storleg til ny Base Camp 2018 den 5-7 oktober.

Gudstenester

2014 2015 2016 2017

Gudstenester –				
totalt i Hyllestad sokn				
inkl. kvardagsgudst,				
barne og skulegudst.	53	50	56	50
Frammøte totalt	2915	3086	2979	3207

Gudstenesteliv i Hyllestad

Det er gledeleg å registrere eit auka frammøte på gudstenestene i 2017, sjølv om tal gudstenester har gått ned. Det er litt motsett trend av det ein ser av tala i prosti og bispedømme, og prosten har teke det med i si årsmelding. Det er vanskeleg å peike på ein spesiell grunn, men det at fleire blir dregne med inn og tek ansvar, kan ha noko seie; til dømes i songgudstenester. Gudstenester med dåp, trus-opplæring og konfirmantar gjer òg at fleire kjem. Foreldre og familie elles er ofte flinke til å vere med borna på gudstenester med trus-opplæring. Gledeleg i 2017 er å sjå fleire yngre. Skulle ein komme med ei utfordring; måtte det bli at det er viktig at kyrkjelyden elles sluttar opp om desse gudstenestene, slik at dei som er i dei aktuelle fasene kan møte ein levande og aktiv kyrkelyd, og at ein får lyst å vere ein del av den!

Kyrkjelydsbasaren 1. oktober, hadde 10 års jubileum og sette ny rekord med brutto kr. 54 435. Takk til alle som har bidrege med vinstar, loddosal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalen bygdekvinnelag som hjelpte til og ordna med mat og kaffi på basardagen. Tidlegare sokneprest i Hyllestad, Karl Hjelmeland, var tilbake og heldt ei andakt om det Levande håpet før basaren starta. Overskotet frå basaren går til trus-opplæring, samt barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Arbeid for born og ungdom er eit høgt prioritert arbeid i kyrkjelyden. Hyllestad kyrkje er godt eigna til samlingar og dei unge finn seg godt til rette i kyrkja. Vi er heldige som har frivillige som er engasjert og stiller opp, då særleg på ungdomsklubb og Base – camp.

Kyrkjer

Takpannene på Bø kyrkje får seg mest årleg ein «omgang juling» ved romjulsstormar. Så også dette året måtte takpannene leggst tilbake på plass.

Tårnet på Hyllestad kyrkje vart sikra slik at eventuelle heller som måtte skli ned vert fanga opp. Krossfragment/del av ein gamal



steinkross, frå Hyllestad gamle kyrkjegard vart like før jul hengt opp i Hyllestad kyrkje. Norsk kvernsteinsenter søkte, i samråd med Hyllestad sokneråd, i 2012 til Bergen museum om godkjenning til å henge krossfragmentet opp i Hyllestad kyrkje. Alternativet var at krossfragmentet måtte leverast til Bergen museum. Smedmeister Kjetil Torvund har laga opphenget som er godkjent av museet. Prosjektet har teke lang tid å realisere, men resultatet blei fint, og det er bra at prosjektet er avslutta.

Under krossen skal det kome eit lite bord der den nyskaffa bønekrukka skal plasserast.



Fin konfirmantweekend på Alværa

19.–21. januar



I mange år har det vore felles konfirmantweekend på Alværa med Hyllestad, Lavik, Bjordal og Balestrand. Slik var det og i år – tredje helga i januar. Vel 30 konfirmantar og 7 leiarar var med dette året. I tillegg var foreldre nattevakter.

- Og sagt med ein gong: Leiarane har ikkje mykje å seie på oppførslen! Ikkje så veldig lenge over midnatt var mange av konfirmantane sovna.



Fredagen starta med kveldsmat og «Bli- kjent – kveld.» Frå Balestrand var det med 2 sygnaelevar: Ådne og Håvard som var flinke med leikar, og fekk fram god stemning blant deltakarane.

I løpet av weekenden såg vi på ein film om Jesus, frå heile hans liv og virke. Filmen legg seg tett opp til hendingane, slik dei er skildra i Bibelen; med Jesus sine møte med meneske, til krossfesting og oppstode. Gode tilbakemeldingar!

Laurdagen – var det undervisningssøkt i grupper, og ein var både ute og inne. Det var nydleg klårvær, og litt snø;

perfekt for uteaktivitetar! Vi hadde undervisning om alt frå boda til Den Heilage Ande. Ein gjekk og noko vi kalla SOFA – løypa, med Toril som ansvarleg; litt forskjellige aktivitetar. På ettermiddagen planla ein gudstenesta, med dramagruppe, sanggruppe, bøn og tekstlesing. Borda ved middagen laurdag kveld, var stilig pynta. Ei jente heldt tale for gutane og ein gut heldt tale for jentene. Fleire av konfirmantane deltok med leikar og ein del konkurransar utover kvelden.

Frå Hyllestad, Lavik og Bjordal





var det prestane Andras og Audun som var med, og pedagog Toril. Frå Balestrand, var det sygnalærarane Gunn Berit og Laila som no er inne som vikarar, medan prest Kjetil har permisjon.

På avslutningsgudstenesta søndag var det forteljinga om kvinna ved brønnen som var tekst. Nokre foreldre frå nærområdet, inkludert Hyllestad, kom og var med. Kjekt! Konfirmantleir på Alværa høyrer med i konfirmantåret, og nye fellesskap over grenser vert knytta!



No kan du vere miljøvenleg, du kan halde deg varm på føtene, og du kan bidra økonomisk:

Me (Ungdomsklubben Solution) er så heldig at me har fått avtale med sokkelevarandøren BAMBUSA. Sokkane er laga av bambusviskose, er veldig mjuke og svært godt eigna for fuktige og sensitive føter. Bambus trekker til seg opptil 3 gongar meir fuktigheit enn t.d. bomull, noko som gir ei oppleving av tørre føter sjølv på varme sommardagar, samstundes som sokkane opplevast lune på kalde dagar.

Det er svært miljøvenleg å bruke bambus,- det trengst ikkje bruk av sprøytemiddel i produksjonen, bambus produsera sjølv ei antibakterieveske som beskyttar planta mot insekt og bakteriar.

Bambus veks raskt, den trekkjer til seg store mengder karbondioksid og frigir meir oksygen enn trær. Det er brukt resirkulert papir i innpakkinga, og heile konseptet er prega av ein gjennomgåande «grøn tråd».

Tips: ein god gaveidè ☺



Sokkane er å få i to fargar (svart og kvit) og to variantar:

- Ankelsokkar, kr: 200,- for ein pakke med 7 par. (= 28,50 pr.par)
- Vanlege sokkar (dressokkar) , kr: 200,- for ein pakke med 5 par. (= 40 ,- pr.par)

Inntekta av salet går i si heilheit til drift av Ungdomsklubben Solution, samt den årlege leiren BaseCamp.

Om du vil kjøpe sokkar, kan du kontakte:

Kirsten Gravdal Ryland på tlf: 916 44 829 eller epost: kirsten@rylandbygg.no

Nyt opplevinga av NATUR på føtene dine

Konfirmantar våren 2018:

Øn 29.04.18:

Lyder Johan Bjørnstad
Brede Offerdal Lien
Julie Agnete Nordbø
Live Steiestøl

Thea Nydal Espeland
Øystein Dale Salbu

Hyllestad 13.05.18:

Ine Kristin Dale
Emilie Løseth Høstaker
Alise Dalsøren Meier
Thomas Vaa Risnes
Henriette Støyva
Espen Tonning
Kari Bakkebø Tonning

Bø 06.05.18:

Ane Avedal
Gaute Virkesdal Bråstad
Iselin Gjøen Bøe
Aurora Eikelid
Helene Bruteig Espeland

Kvernsteinsprisen 2017

Kvernsteinsprisen 2017 er tildelt:

Kirsten Gravdal Ryland og Jostein Ryland for deira engasjement for born, og spesielt unge i Hyllestad. Ungdomsarbeidet dei driv vert lagt merke til, og dei brukar helgar og kveldar på frivillig arbeid blant ungdommane våre.

Dei er primus motor for Ungdomklubben «Solution» som starta opp hausten 2015. Klubben har samling om lag annankvar fredag i Hyllestad kyrkje.

Programmet på ungdomsklubben er variert med lek, song, andakt og mat.

Målgruppa er primært 13-18 år, men klubben er open for ungdom i alle aldrar.

Ungdomane sjølve styrer i stor grad klubbaktiviteten, dei vel ut songar, musikk, og set agenda for tema. Men det er framleis ei gruppe vaksne som støttar opp om ungdomsklubben.

Ein har lagt til rette for at dei som ynskjer, kan delta på inspirasjonssamlingar i

lag med andre ungdommar. Desse ungdomane er sterke pådrivarar i klubben, og som også ynskjer å ta leiarsansvar inn mot anna aktivitet for yngre ungdom lokalt.

Base Camp var nyleg arrangert for 3.gong. Styret i Solution Hyllestad saman med ungdommar frå Solution Askøy, var ansvarlege for planlegging av arrangementet. Det var overnatting/mat på skulen, og Kvernsteinsparken og idrettsbana vart brukt til aktivitetar. Utover dette var Hyllestad kyrkje hovudarena for alle møter / gudstenester / samlingar denne helga.

Arrangementet i 2016 samla ca. 60 ulike ungdommar på dei ulike møta/aktivitetane. Ungdommane kjem frå Hyllestad, Fjaler, Høyanger,



Askøy, Bergen, Haugesund og Lindås.

Som ressursgruppe og medhjelparar til gjennomføring av arrangementet deltok frivillige vaksne til oppgåver med mat, vakthald, organisering, tilrigging, opprydding og reinhald.

Vi gratulerer Kirsten og Jostein Ryland med, den velfortente, kvernsteinsprisen 2017!

Vigsel i kyrkja

«Å inngå ekteskap eller vigsel er ei offentleg handling som kan skje borgarleg eller kyrkjeleg. Ein godkjend vigselssperson skal erklære at ekteskapet er gyldig. Eit bryllaup i kyrkja kan vere enkelt eller påkosta. Brudefolka kan vere unge eller godt vaksne. Dei kan feire dagen med familie, slekt og vener. Dei kan sei ja til kvarandre med berre prest og forlovarar til stades. Stort eller lite bryllaup – i kyrkja vert livet lagt fram for Gud med bøn om velsigning. Alle par som har gifta seg borgarleg er velkomne til kyrkja for å be om forbøn for samlivet» (Nettsida for den Norske kyrkja) Laurdag 3.juni 2017 gifte Anette Tonning Wichstrøm og Kristoffer Danielsen seg i Øn kyrkje. Dei fekk ein fin dag, som dei ser attende på med glede. Velkommen til vigsel i ei av kyrkjene i Hyllestad. Kvernsteinsparken i Hyllestad er og godkjend for vigsel.



Dette er i vente framover:

TEMAGUDSTENESTE MED KONFIRMANTANE

Søndag 15.april kl.19 er det klart for årets samtalegudsteneste med konfirmantane. Denne gongen er tema: VISDOM. Gjennom drama, song og ulike innslag elles vil konfirmantane få fram element frå dei har lært.

NYTT KYRKJESKIP I ØN KYRKJE – MARKERING SØNDAG 29.APRIL

Håkon Gil har skrive meir om nytt kyrkjeskip i Øn, annan stad i bladet. Dette vil bli markert ved gudstenesta søndag 29.april, som og er konfirmasjonsgudstenesta. Skipet er gjeve av Håkon sin slektning, professor Konrad Øhrn og kona Margun. Bror til Konrad, Gordon Øhrn, som er musikar og songar, vil delta ved gudstenesta med muskikalsk innslag. Vi er takkasam for kyrkjeskip og deltaking!

VANDRING PÅ GAMAL KYRKJEVEG FRÅ ÅFJORDDALEN OG GUDSTENESTE VED HYLLESTAD GAMLE KYRKJEGARD 1.MAI KL.13.00

Dette blir eit nytt og spennande «prosjekt»! Vi har i mange år no hatt ei nyoppdaging av gamle vegar og pilgrimsmål. Det er blitt mange attraktive løyper i landet vårt. Pilgrimsfelleskapet St. Sunniva er opptekne av desse spørsmåla og ikkje minst kystpilgrimsvegen opp til Trondheim. Dei er og opptekne av mål langs vegen, som har gått frå dei ulike bygdene til kyrkjehusa rundt omkring.

Måndag 30.april og tysdag 1.mai skal dette fellesskapet ha sitt årsmøte i Hyllestad. Astrid Waage har vore med nokre år der, også som leiar. Audun Systad sit no i styret. Dei to har fått utfordring frå styret i St.Sunniva, om å legge opp eit program for samlinga. Kvernsteinsparken vert ein naturleg stad å samlast. Så har ideen kome opp, om å gå den gamle vegen til kyrkje frå Åfjorddal, forbi Akse, og så til Hyllestad gamle kyrkjegard, med steinkrossar og svært gamle tradisjonar.

Så vonar ein at fleire ynskjer å vere med på denne turen, ikkje berre dei som er på årsmøtet.

Programmet vert slik:

1.mai:

09.00 Årsmøte for pilgrimsfelleskapet i Hyllestad kyrkje

10.30 Oppmøte ved gamle Åfjorddal skule -ein går den gamle (kyrkje)vegen til Hyllestad

13.00 Friluftsgudsteneste ved Hyllestad gamle kyrkjegard

KYRKJELYDSTUR TIL BALESTRAND 2. PINSEDAG, 21.MAI. GUDSTENESTE KVAMSØY KYRKJE KL.12.00

I pinsehelga i fjor var det kjekt besøk frå Balestrand kyrkjelyd til Hyllestad. Då vart vi invitert på tur innover dit. Det skjer 2.pinsedag, 21.mai. Sidan prost Kjetil Netland enno har permisjon, er Audun Systad spurd å ha gudsteneste i Kvamsøy kyrkje kl.12.00. Artig er det at organist denne dagen vert Ole Agnar Helland, tidlegare sokneprest i Hyllestad, og no organist vikar nettopp i Balestrand.

Det vert skyssbåt over det vesle sundet bort til kyrkja. Kvamsøy kyrkje er ei lita perle av eit gudshus, frå 1200-talet. Det er og gjort litt med den dei siste åra, og det er fint å samlast til kyrkjekaffi utanfor om veret tillet det.

Programmet elles denne dagen er ikkje heilt i boks, men det er mykje vi kan sjå. Stikkord er: Middag på eitt av hotella der, innom Reiselivsmuseet, St. Olafs kyrkje mm.

I skrivande stund har vi ikkje heilt oversyn over kostnad, men vi skal prøve at det ikkje blir altfor dyrt...

Vi tek sikte på køyring med privatbilar, og fint om dei som kan køyre melder seg.

PÅMELDING TIL HYLLESTAD KYRKJEKONTOR INNAN tysdag 15.mai.

Telefon : 57788565 , eller til Audun Systad 97155237, eller Aslak Åm Sognnes: 97583290

MARKERING AV ØN KYRKJE 60 ÅR SØNDAG 10.JUNI KL.11.00

Øn kyrkje er 60 år dette året, og Håkon Gil har skrive om hendinga i dette bladet. Søndag 10.juni tek vi fram minne frå vigslinga og det vert ei lita markering av høgtida.

FRILUFTSGUDSTENESTER SOMMAREN 2018

Som ein vil sjå av gudstenestelista, er det sett opp fleire friluftsgudstener denne sommaren. Det har sin grunn i at det er kjekt å samlast ute om veret tillet det.



Søndag 24.juni kl.11 i Kvernsteinsparken – ein samlast ved den nye steinkrossen. Ved dårleg ver i Hyllestad kyrkje.

Laurdag 28.juli kl.21 (olsokafta) – Fjøsmesse ved Espelandsvatnet. Ein prøver på same konsept som i fjor, då det var fin oppslutning! Lokale krefter syter for god servering.

Søndag 19.august kl.12: Risneshaugane ved Havørn-minnesmerket. Lokale krefter i grendalaget syter for vafler og kaffi. Sist det var ei slik samling her var i 2012. det er sjølvssagt ver-avhengig, og ved regn og kjølig ver, vert ein i Hyllestad kyrkje.

BISPEVISITAS I HYLLESTAD OG KYRKJEBJUBILEUM FOR BØ KYRKJE

I tida 27.nov.- 2.des. vert det innhaldsrike dagar for kyrkjelydane i Hyllestad.

I soknerådsmøtet 13.mars var prosten i Sunnfjord, Reidar Knapstad, med og diskuterte programmet.

I skrivande stund er ikkje alle detaljar på plass, men ein ønskjer møte med kommune,

skule, barnehage, omsorgssenter, sokneråd og tilsette, bedriftsbesøk på Havyard, besøk i Kvernsteinsparken, for å nemne ein del. Gjerne og ein kyrkjelydskveld/kulturkveld med vekt på ulike innsalg frå kyrkjelyden og samfunnet i Hyllestad.

Det som og er veldig gledeleg er at det vert ei jubileumsmarkeing av at Bø kyrkje fyller 150 år

SET AV TORSDAG 29. NOV. 2018 KL. 18.00.

JUBILEUMSGUDSTENESTE I BØ KYRKJE MED SONGINNSLAG OG GLIMT FRÅ HISTORIA



Som tildegare nemnt, er no ei nemnd i arbeid med denne markeringa, og også utgjeving av eit kyrkjelydsblad med sterkt utvida sidetal, som etter planen kjem ut i løpet av september. Det er enno høve å komme med tips til stoff der, fram mot sommaren. Dei som sit i nemnda: Håkon Haukøy, Mari Dale Salbu, Aslak Åm Sognnes, Reidun Skår og Audun Systad.



Desse to bileta er frå jubileumsgudstenesta i Bø kyrkje i høve markeringa av at Hyllestad prestegjeld var 150 år (2011)

Fasteaksjonen 2018

Måndag 19.mars gjekk konfirmantane frå dør til dør med Kirkens Nødhjelp sin Fastebøsseaksjon. Dei gjorde ein flott innsats, og det er alltid like kjekt med desse glade og smilande ungdomane som bankar på i dette viktige ærendet.

Dei 18 konfirmantane har, i det bladet går i trykken, fått samla inn kr 19.560,-.



Men så såg eg Jesus i ein draum

Då Hamma var ung ynskte faren at han skulle studera Koranen. Hamma vart send bort, til ein Koranlærar, der han var i sju år. I byrjinga var det tøft for ein liten gut. Han måtte tigga, dyrka jorda og jobba for læraren sin. Dersom han var ulydig vart han slått. Men etter kvart fekk han eit nærare forhold til koranlæraren sin. Hamma lærte å søkja Gud, han lærte om Muhammed sin veg til Gud, og han vart ein from mann. Etter 7 år hadde Hamma vore gjennom heile Koranen på arabisk, og han reiste heim att til faren sin. Då faren døyde, vart Hamma, i ung alder, leiar i familien sin. I landsbyen har han ord på seg for å vera lærd. Av og til leier han bøna i moskeen. For eit par år sidan fortade ein motorsykkelmekanikar Hamma

at ein mann hadde byrja å undervisa fulani ikkje langt frå der han bur. Han vart med på undervisninga, og oppdaga at det var undervisning over Moses sine bøker og Jesus sitt evangelium. Hamma møtte trufast opp, utan at han stolte heilt på det mannen fortalte. «Men så såg eg Jesus i ein draum. Han kom frå skyene og nærare og nærare, heilt ned til meg i landsbyen min.» Draumen gjorde noko med Hamma sitt forhold til undervisninga. Under Ramadan i år bad han intenst både sine muslimske bøner og kristne tidebøner. Han brukte store deler av kvelden og natta i bøn om at Gud måtte visa han den sanne vegen. Svaret på bøna vart ikkje det Hamma ynskte: han fekk ein ny draum som viste at Jesus er vegen til Gud.

«Den første dagen skalv eg innvending», seier Hamma, «eg var ikkje glad i heile tatt.» Etter dette har Hamma nytta mykje tid på å lesa evangeliet. Han samanliknar Jesus sitt liv og Muhammed sitt liv, og har vorte overtydd om at Jesus er vegen til Gud. No før jul tok han kontakt med misjonæren sin, for å få ein månads intensiv undervisning i evangeliet. For, som han seier, «når eg skal fortelja familien min og koranlæraren min at eg trur på Jesus, kjem alle til å venda seg mot meg. Det kjem til å bli veldig vanskeleg, så det er viktig at trua mi får djupe røter.»

Takk for at de er med å be for Hamma og den vanskelege tida som ligg framfor han.

Frode B. Sætre

Misjonær for NMS i Mali

Glede og Sorg

Døyppte:

Hyllestad: Kabel Filmon Tsegai
Linnéa Solheim Ytrøy

Øn: Aurora Kjørslevik Kverhellen

Bø: Isabella Akse Kenefe

Gravlagde:

Bø: Bendik N. Espeland f.1920

Hyllestad: Magne Espeland f.1935

Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



HAVYARD

Improving life at sea



ÅPEN 09-20 (18)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Byggbmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no og på facebook

15.april:	Hyllestad kl. 19:00	Temagudsteneste med konfirmantane i Hyllestad og Lavik. Takkoffer til ALVÆRA
22.april:	Bø kl. 11:00	Takkoffer til KIRKENS NØDHJELP
29.april:	Øn kl.11:00	Konfirmasjon.Takkoffer til BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET .Markering av nytt kyrkjeskipp
1.mai	Hyllestad gamle kyrkjegard kl.13:00	Gudsteneste i samband årsmøte for Sunnivaleia Pilgrimsvandring. Takkoffer til KIRKENS SOS BJØRGVIN
6.mai:	Bø kl.11:00	Konfirmasjon Takkoffer til BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET
13.mai:	Hyllestad kl.11:00	Konfirmasjon. Takkoffer til BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET
17.mai:	Hyllestad kl.11:30	Festgudsteneste . Song ved FJORDKLANG. Takkoffer til FJORDKLANG.
20.mai:	1.pinsedag: Hyllestad	kl.11:00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer til KYRKJELYDSARBEIDET
21.mai:	2.pinsedag:	Kyrkjelydstur til Balestrand, med gudsteneste i Kvamsøy kyrkje kl.12:00 v. Audun Systad og Ole Agnar Helland. Takkoffer
3,juni:	Alværastemnet med gudsteneste kl.11:00	på Alværa. Vi oppmodar folk frå Hyllestad å reise dit denne søndagen
10.juni:	Øn kyrkje kl.11:00	Markering av kyrkja 60 år. Takkoffer til KYRKJELYDSARBEIDET. Kyrkjekaffi
24.juni:	Kvernsteinsp. kl.11:00	Takkoffer til SJØMANNSKYRKJA
8.juli:	Hyllestad kl 16:00	sommarvikar Karen Melhus. Takkoffer.
15.juli :	Øn kapell kl.19:00	Stein Hugo Fykse
28.juli (Ols.afta):	Espelandsv. kl.21(NB)	Friluftsgudsteneste Takkoffer.
5.august:	Skor grendahus kl.12:00	Takkoffer
19.august:	Risneshaugane/ Havørn-minnesmerket kl.12:00	Friluftsgudst. Takkoffer. Kyrkjekaffi v/Grendalaget
26.august:	Hyllestad kl.11:00	Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer. Samling med grilling i Prestefjæra etterpå
2.september:	Bø kl.11:00	Takkoffer.
	Ramsgrø bedeh. kl.14:30	(basar m. opning/gudsteneste)
16.sept:	Øn kl.17:00	Takkoffer.
23.sept:	Hyllestad kl.15:00	Kyrkjelydsbasar m. liturgisk opning
26. sept (onsd.).	Hyllestad kl.19:30	Thomasmesse. Bønevandring.
30.sept:	Hyllestad kl. 17:00	v. Audun Systad og Toril Lange. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer
7.okt:	Hyllestad kl.11:00	Ungdomsgudsteneste i samband med Base Camp

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiari/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døydde eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no